



## Referat frå kommunemøte torsdag 2. september 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

**Ikkje til stades:** KS, Sivilforsvaret, Etne, Fitjar og Voss

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

### Innhald

1. Informasjonssaker .....	1
Smittesituasjonen nasjonalt .....	1
Oppfølgingsmøta om beredskapsplanlegging .....	2
Webinar om testing .....	2
Rapportering om vaksinasjon i 34 og 35 .....	2
Fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap 25.- 26. oktober blir utsett .....	2
Utsending av hurtigtestar .....	3
2. Kommuneøkonomi v/Kåre Træen, Statsforvaltaren .....	3
3. Bergen kommune – støtte av ekstra ressursar .....	3
4. Vaksine .....	3
5. Webinar med spørjetime 2. september .....	5
6. Spørsmål/innspeil frå kommunane .....	5
7. Lokale avgjerder om unntak frå testregime for dei under 18 år .....	6

### 1. Informasjonssaker

#### Smittesituasjonen nasjonalt

Nasjonalt er det ei fordobling av meldte tilfelle frå veke 33 til 34. FHI seier at det er ein auke i alle fylke. Auken er no større i Oslo og Viken enn i Vestland. Det er ein auke i sjukehusinnleggingar, av dei innlagte er 66 % uvaksinerte, 15 % er delvaksinerte. Viss smittetrenden held fram, er det forventa vidare stor auke i talet innleggingar. FHI seier at auken er uheldig og bør avgrensast gjennom mellom anna oppdatert TISK-arbeid.

Helsedirektoratet og FHI sa i møte med statsforvaltarane på onsdag at det vil kome ein oppdatert strategi for TISK, men kunne ikkje seie så mykje konkret kva dei no har føreslått for regjeringa.

Bjørn Guldvog sa på pressekonferansen i dag at den vidare strategien må handle om meir målretta smittesporing, der kommunane brukar sine ressursar der risikoen er størst. I praksis vil det seie at kommunane tar ansvaret for å følgje opp dei "ekte" nærkontaktane, dvs. familiemedlemmer, kjærestar m.v.



Direktoratet var likevel veldig tydelege på at kommunane vil verte orientert og involvert på ein heilt annan måte enn de vart ved siste strategiendringa. Det er nok òg bakgrunnen for at statsråden ønskjer å møte alle kommunane i kveld.

Vi har vore veldig tydelege i våre rapportar om frustrasjonar i kommunane over, og problem med å gå veldig raskt over til ein strategi med testing for karantene.

Saman med dei andre statsforvaltarane har vi òg vore veldig tydelege på at det er så stor slitasje på folk i kommunane, at det gir grunn til uro framover.

### Oppfølgingsmøta om beredskapsplanlegging

Takk for møta og for veldig gode innspel og viktige synspunkt. Vi har allereie tatt opp nokre av tilbakemeldingane med Helsedirektoratet og FHI.

#### Dei viktigaste inntrykka og innspela vi har fanga opp:

- Vilje men stor slitasje
- Planlegging under usikkerheit – rask endring av nasjonale retningslinjer
- Opning av samfunnet i eit tid med forventa auke i pasientar luftvegssymptom.
- Endring av strategien om testing for smittekarantene
- Oppleving av dobbelkommunikasjon frå sentrale styresmakter
- Forventingar om statleg fullfinansiering
- Overlate meir av ansvaret til index-pasient
- Bruk av hurtigtesting/sjølvtesting
- Felles risikovurdering
- Utvida samarbeid mellom kommunane om beredskapsarbeid

### Webinar om testing

Som ei oppfølging av møta med kommunane har vi sendt ut ein invitasjon til møte/webinar om testing, førstkommende tysdag kl. 13.00 - 14.30. Vi arbeider med saklista og sender den så snart som råd. Det vil bli fleire innlegg, erfaringsdeling og tid til spørsmål/diskusjon. Kom gjerne med innspel til tema de ønskjer vi skal ta opp.

Til orientering har Bømlo kommune publisert ein video om hurtigtesting på nettsidene sine:

<https://www.bomlo.kommune.no/tenester/naring-natur-miljo-samfunnstryggleik/samfunnstryggleik-og-beredskap/informasjon-om-koronavirus/b-bomlo-b-siste-nytt/hurtigtestar-for-barn-og-unge.8225.aspx>

### Rapportering om vaksinasjon i 34 og 35

Vi fekk beskjed frå FHI om at dei trong betre oversikt over når kommunane ventar å vere ferdig med å bruke dosane dei har motteke i veke 34 og som dei vil få i veke 35. Vi bad difor kommunane svare på nokre spørsmål, og vi vil nytte høvet til å takke for alle tilbakemeldingane.

### Fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap 25.- 26. oktober blir utsett

Etter å ha gjort ei ny vurdering har vi kome fram til at det per no vil vere best å utsetje fagsamlinga som vi har invitert til i Bergen i slutten av oktober. Evaluering er det viktigaste temaet for samlinga. Slik situasjonen er no, då vi framleis står "midt i" handteringa, meiner vi at det vert feil tidspunkt å ha



samlinga i oktober.

## Utsending av hurtigtestar

Askøy, Alver, Aurland, Bergen, Bjørnafjorden, Bømlo, Etne, Gloppen, Gulen, Høyanger, Kinn, Kvinnherad, Luster, Lærdal, Osterøy, Sogndal, Stad, Vik og Øygarden skal ha fått. Andre kommunar vil få i komande veke. Kontaktpersonen i kommunen vil motta sporingsnummer av lageret via e-post.

## 2. Kommuneøkonomi v/Kåre Træen, Statsforvaltaren

Træen har i oppgåve å sjå på meirutgiftene ved pandemien og bidra i fordelinga av skjønsmidlane. I tillegg til tidlegare rundar med fordeling av midlar, har Stortinget sett av 1,5 milliardar kroner som skal fordelast til kommunane i andre halvår. Statsforvaltaren sendte brev til kommunane den 8. juli, med ei oppmoding om å rapportere på meirutgifter. Skjønsmidlane er ein viktig del av kompensasjonen frå staten, men er likevel ikkje heile biletet. Det har i tillegg vore fordelt midlar gjennom rammetilskotet og eigne kompensasjonsordningar til bestemte fagområde.

Statsforvaltaren ser kva kommunane har rapporterer av ekstra utgifter, i tillegg er smittetala ein av faktorane i vurderinga. Træen seier at ein òg vil kunne sjå tilbake på det som allereie har vore fordelt i første halvår.

Regjeringa er opptatt av at kommunane som er hardast råka av pandemien òg skal få mest hjelp. Ei arbeidsgruppe sett ned av regjeringa for å gå gjennom kva typar utgifter og inntekter som vert påverka av pandemien, og estimere kor mykje dei ulike typane utgifter og inntekter utgjør. Det var forventa at ein ny rapport frå gruppa skulle kome no i august. Etter denne vil regjeringa følgje opp og sjå på om det er behov for nye midlar for andre halvår.

## 3. Bergen kommune – støtte av ekstra ressursar

Bergen kommune bad for litt sidan andre kommunar og helseføretaket om ressursmessig støtte, særleg sjukepleiarar.

Smittevernoverlege Egil Bovim sa på spørsmål at kommunen fekk hjelp frå andre kommunar, men særleg frå sjukehusa. Kommunen rekrutterte tre personar frå den statlege ordninga for helsepersonell (Nasjonalt helsepersonell).

Randi Luise Møgster, viseadministrerende direktør i Helse Bergen, viste til det svært gode samarbeidet om ressursar i koordineringsgruppa. Dei har oppretta nye underutval/-grupper for ulike problemstillingar etter behov undervegs i pandemien. Kommunane må berre ta kontakt ved utfordringar.

## 4. Vaksine

### *Vaksinasjon av 12-15-åringar*

Som det vart opplyst om på pressekonferansen i dag, har regjeringa no teke avgjerd om å følgje FHI si tilråding om vaksinasjon av 12-15-åringar. Statsministeren sa at kommunane sjølv kan vurdere om dei kan starte vaksinasjon av desse parallelt, men FHI vil òg kome med meir rettleiing.

Tilrådinga gjeld 2006-2008-kulla og dei i 2009-kullet som har fylt 12 år. Førebels er det berre



tilråding om éin dose, men FHI vil greie ut behovet for dose to etter eit intervall på 8-12 veker. Comirnaty er tilrådd vaksine, då det er denne ein har mest erfaring med i denne aldersgruppa. Vi ventar at FHI kjem med meir informasjon retta mot kommunane.

### *Informasjonsbrev nr. 27*

Informasjonsbrev nr. 27 kom onsdag. Vi håpar at alle har fått det og oppmodar om å lese informasjonen grundig. Vi nemner kort nokre viktige punkt frå brevet:

- *Tredje dose*

Det vart på måndag denne veka kjent gjennom media at regjeringa følgjer FHI si tilråding om å tilby tredje dose til dei med alvorleg svekka immunforsvar. Eit grovt overslag viser at denne pasientgruppa utgjer inntil 200.000 personar på landsbasis. Ein del av desse vil få vaksine i spesialisthelsetenesta. Det er førebels ikkje vitskapelege haldepunkt for at det er nødvendig med ei tredje boosterdose til den generelle delen av befolkninga, seier FHI.

- *Vaksinering av nærkontaktar som er unntatt karantene med alternativt testregime*

Asymptomatiske nærkontaktar som har unntak frå karantene med alternativt testregime, kan få vaksine som planlagt òg dei 10 første dagane etter nærkontakten. Det er ikkje nødvendig for desse å vente til første testsvar er klart før dei blir vaksinerte. Grunngevinga for det er mellom anna at det er høgt prioritert å få vaksinert unge. Det er òg stor merksemd på smittevern på vaksinasjonsstadane, slik at det er låg risiko for smittespreiing.

- *Kampanje*

Nedst i brevet er det lenker til kampanjemateriale (til fri bruk for kommunane), som skal minne folk på å ta dose to. FHI har ein nasjonal kampanje på dette i veke 35 og 36.

Elles er det i brevet òg informasjon om kva kommunane skal gjere med dei som har fått påvist covid-19 i utlandet, dei som har fått fyrste dose i EU eller andre land, og kva reglar som gjeld for antistofftest hos dei som sannsynleg har hatt covid-19, slik at dei kanskje berre treng éin vaksinedose. Vi viser til brevet for meir informasjon.

- *Ha kontroll på lagerbeholdning*

FHI minner om at kommunane framover sjølv må bestille vaksinar, helst for tre veker om gongen. Det er viktig at kommunane har kontroll på kva dei har på lager når dei bestiller, slik at dei får brukt vaksinane i størst mogleg grad.

- *Reiser til Storbritannia*

Det vert jobba på høgt politisk nivå og embetsnivå for at heterolog vaksinasjon (kombinasjon av to ulike vaksinar) òg skal opne for innreise til Storbritannia.

Det er likevel framleis slik at Storbritannia krev to dosar av same vaksinetype for innreise. Per i dag er Noreg grønt for innreise til Storbritannia, og då gjeld dei same reglane for vaksinerte og uvaksinerte, slik vi forstår det.

Koronasertifikatet viser òg berre namnet på den siste dosen. Det er slik ikkje mogleg å kontrollere på grensa om begge dosane er av same type, berre ved å sjå på koronasertifikatet. Då må det krevjast annan dokumentasjon i tillegg. Det er likevel den reisande sjølv som har ansvar for å setje seg inn i kva reglar som gjeld for det aktuelle landet på det aktuelle tidspunktet. Vi håpar at dette blir harmonisert etter kvart.



## 5. Webinar med spørjetime 2. september.

Det var òg i dag webinar for kommuneoverlegar ved FHI. For dei som ikkje kunne følgje dette, er det tilgjengeleg som opptak i [Sykdomspulsen](#).

Vi ser det er eit par endringar i tilrådingane for testing som alternativ til karantene. Det eine er ei endring i [Hdirs koronarettleiar](#) om at det ikkje lenger er nødvendig å vere i karantene fram til første test er svara ut negativt, men elevar skal oppmodast til å halde avstand.

Det andre vart sagt i dagens webinar: for barn i barnehage og barneskule er det no ei tilråding om éin test mellom dag tre-fem etter eksponering, medan det for eldre born er tilrådt testing på dag tre og fem etter eksponering. Viss ein er usikker på tid for eksponering, bør det òg takast ein test snarast råd.

Tilrådingane er altså endra til færre testar enn tidlegare. Vi ventar at dette òg vil bli endra i koronarettleiareren til Hdir.

## 6. Spørsmål/innspel frå kommunane

*Askøy: testing av asymptomatiske fullvaksinerte?*

Etter pressekonferansen fredag førre veke, vart det forvirring kring eit intervju med helsedirektør Guldvog. Der sa han at asymptomatiske fullvaksinerte skulle testast, noko som ikkje harmoniserte med retningslinene frå FHI.

I same VG-artikkel vart det gjort ei retting seinare på kvelden, der Guldvog justerte uttalen sin. Han sa då at fullvaksinerte nærkontaktar utan symptom som hovudregel ikkje skal teste seg, men at dei, som andre nærkontaktar, bør teste seg viss dei får symptom. FHI har ikkje gjort endringar i sine tilrådingar.

*Bjørnafjorden: «long covid» hjå born og unge*

Det vart i førre møte løfta fram ei uro for langtidseffektar av covid-19 hjå born og unge, no som smitta breier seg ut i dei yngre aldersgruppene. Vi forstår denne uroen, og det har vore fleire oppslag i media den siste tida med noko dystre spådomar kring dette.

FHI la i går ut ei nettsak som handlar om at det er [lite covid-sjukdom og få seinverknader hjå born](#). FHI skriv at covid-19 er generelt lite farleg for born og unge, og dei som smittast får oftast svært milde symptom, og 20-30% får inga symptom i det heile. Born med underliggende sjukdomar leggjast inn oftare. Sjølv for dei som får den mest alvorlege betennelsestilstanden MIS-C, er det god behandling og prognose. Det ser heller ikkje ut til at seinverknader av gjennomgått covid-19 er vanleg hjå born og unge. Den største studien til no (alder 5-17 år, N = 1734) viste at 4,4 % hadde symptom etter fire veker, berre 1,8 % hadde symptom etter 8 veker og fleire vart betre med tida.

De finn alle referansar til kjelder som ligg bak kunnskapsoppsummeringa nedst i lenka. Frå før veit vi òg at postviral fatigue kan oppstå etter mange ulike virussjukdomar, og dei som blir så sjuke at dei treng intensivbehandling har høgare risiko for seinverknader i seg sjølv.



## 7. Lokale avgjerder om unntak frå testregime for dei under 18 år

I høve større utbrot eller manglande kapasitet for testing, kan kommunane ta lokal avgjerd om smittekarantene for born og unge, for å få kontroll. Kommunen kan då bruke smittevernloven § 4-1 fyrste ledd bokstav d. Vi vil minne om at slik lokal forskrift varar i 7 dagar om gongen, og kan fornyast viss det er naudsynt. Sjå Hdirs koronarettleiarsider for meir informasjon:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/testing-isolasjon-smittesporing-og-karantene/testing#testing-erstatte-smittekarantene-barn-og-unge>